

Ingen sandforureining av elv og sjø i Etne**25.01.2010**

Eg har i dag snakka med Harald Ekonrud i Etne pukk og sand . Han kan bekrefta at det ikkje er utslepp av finstoff til verken sjø eller elv i Etne.

Sanduttaka i Etne ligger oppover langs med lakseelva på samme viset som i Uskedalen. Ved desse uttaka har ein eit dammsystem slik at ein ungår at det blir utslepp av finstoff ved naturlig avrenning til elva. I reguleringsplanen til Uskedal Sandtak er det også prosjektert eit slikt slamutskillersystem av geolog.

Etne Sand og Pukk vasker sanden i anlegget deira på industriområdet på Tongane. For å unngå å måtta kjøpa vatn og unngå utslepp til sjø brukar dei vatnet om og om igjenn. Slammet samlar seg i eit system av slammkar som vatnet blir pumpa mellom. Det er ikkje noko avløp herfra og ut i sjøen. Slamkara blir tømde med jevne mellomrom. Slammet blir tørka og kjørt ut til bøndene som brukar det til å forbetra bakkane sine.

Gunnar Myklebust